

Program

Bremanger Venstre

2016 – 2019



Konsert i Vetvika 10. juli i 2014. Foto Cecilie Eikås Nygård.

Modige, dyktige folk, godt samarbeid + nydeleg ver,
- og det vart ein eventyrleg konsert i Vetvika.

Dugnad er bra!

Grunnsyn og ideologi – Folk først.

Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn, der folk har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og samstundes ta ansvar for kvarandre og for miljøet.

Storparten av det kommunale budsjettet vert brukt innan oppvekst-, helse- og sosialsektoren. At borna, dei eldre og sjuke har tilfredsstillande tilbod er viktig og slik skal det vere.

Bremanger Venstre vil i valprogrammet signalisere kva vi er for, og kva vi er imot, og så vert det opp til veljarane å avgjere kva vi klarer å få til av det vi meiner er viktig for at kommunen skal ha flest mogeleg nøgde innbyggjarar og eit næringsliv som fungerer.

Bremanger Venstre er for:

- At Bremanger skal vere ein sjølvstendig kommune under føresetnad av at dette ikkje går utover tenestetilboda til innbyggjarane.
- At det lokale sjølvstyre vert styrka gjennom auka politisk styring.
- Fibernett til alle innbyggjarane.
- At kommunen skal yte husbyggjartilskot til alle som etablerer seg i kommunen. Bremanger Venstre vil auke dette tilskotet.
- Desentralisert lege- og ambulansetilbod.
- Auka bemanning innan pleie og omsorg.
- Styrkje heimebaserte tenester innan pleie og omsorg med tverrfagleg rehabilitering.
- Styrkje psykisk helse og rusførebyggjande tiltak.
- Lik nettleige for alle private husstandar over heile landet. Den kraftkrevjande industrien må få eigne avtaler som sikrar vidare drift.
- Bygging av Bremanger sambandet del 3, med bru over ytre Nordfjord. Heve standarden på vegnettet som knyter bygdene til kystvegen, til dømes Davik–Rugsund, Kalvåg–Klubben.
- Meir satsing på tilflytting til kommunen.

- Stipendordning til utdanning innan relevante stillingar i den kommunale sektoren.
- At kommunen registrerer ledige husvære og dessutan har tomter tilgjengelege for tilflyttarar og nyetablerarar.
- Utvikle kystforumet som skal jobbe for interkommunalt samarbeid for å styrke næringsutvikling på kysten.
- Halde fram med utbygging av hamnene som prosjektert.
- At kommunen skal ta imot flyktningar.
- Garantert reint og nok vatn både til industri og innbyggjarar.
- Godt vedlikehald av kommunale vegar både sommar og vinter.
- Betre vedlikehald av kommunale bygg, også kyrkjene
- Tettare samarbeid mellom kommunen og dei gode dugnadskreftene innan idrett og kultur. Viktig at idretten og frivillig arbeid får auka status, og like vilkår med annan kultur, utan at dette fører til at eksisterande tilbod vert svekka.
- Finne praktiske løysingar for å ta vare på kulturminne frå nær og fjern historie innan industri, fiske, jord- og skogbruk. Saman med Vingenfeltet og oldtidsfunna i Skatestrumen m.m. vil dette ha mykje å seie både for reiselivsnæringa og for oss alle.
- Satse på energiøkonomisering i alle offentlege bygg.
- Sikre god oljevernberedskap og effektivt brannvern.
- Samarbeide med organisasjonar og skule/barnehagar for å få spreidd kunnskap og interesse for miljøet.

Bremanger Venstre er imot:

- At skular blir nedlagde av økonomiske grunnar så lenge dei er kvalitetsmessig forsvarlege.
- At eigedomsskatten blir utvida til å gjelde private hus.
- Sjøvindmøller nær kysten, og konsesjon til fleire vindmølleparker.
- Fleire konsesjonar for utvinning av stein i Bremanger kommune.
- Søndagsopne butikkar.
- Bompengefinansierte vegløyningar der kommunen sine innbyggjarar må betale bompengar på reiser innanfor kommunen sine grenser.



1. Kåre Jarl Lengeland
f. 1955, Kjelkenes




2. Åge Senneset
f. 1964, Bremange



3. Irene Storøy
f. 1980, Rugsund



4. Rakel Rise Hallset
f. 1981, Svelgen



5. Bjørg Kleiven
f. 1979, Botnane



Planskisse av den nye fiskerihamna i Kalvåg.

Kandidatar Bremanger Venstre.

- | | | |
|--|---------|--------------|
| 6. Øyvind Nesje | f. 1983 | Kalvåg |
| 7. Roger Nyborg | f. 1979 | Bremanger |
| 8. Jaqueline Maria
Josephina Mannaart | f. 1965 | Botnane |
| 9. Åsmund Steinar Bortne | f. 1973 | Blålida, |
| 10. Svein Olav Igland | f. 1957 | Kalvåg |
| 11. Roy Cato Edvardsen | f. 1974 | Rugsund |
| 12. Frode Yttrehus | f. 1974 | Svelgen |
| 13. Stig Gjerde | f. 1961 | Svelgen |
| 14. Åge Magne Sørbotten | f. 1956 | Botnane, |
| 15. Audhild Bjørg Hunskår | f. 1952 | Hunskår |
| 16. Sigrid Solheim | f. 1940 | Kjelkenes |
| 17. Håkon Dyrstad | f. 1944 | Dyrstadgrend |
| 18. Magni Eldrid Lothe | f. 1940 | Svelgen |
| 19. Ingvald Kristian Ytrehus | f. 1938 | Svelgen |
| 20. Arne Egil Lothe | f. 1938 | Svelgen |

VENSTRE

Folk først.



www.venstre.no/www.bremanger.venstre.no